



Maria og Erling Rosnes
Furuberget 39
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/6512 - 15/8510

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

05.05.2015

Utslippsløyve - Gbnr 155/10 Monstad (Vollum)

Lindås kommunen gjev utsleppsløyve for sanitært avlaupsvatn for bustad med ein brukseining på gnr. 155 Bnr. 10. Løyvet gjeld utslepp frå minireinseanlegg via etterpoleringsanlegg gjennom tett leidning til bekk med heilårsvassføring. Løyve er gitt på bakgrunn av dei opplysningar som følgjar av søknad journalført den 10.09.2014, endring av søknad journalført den 09.04.2015 og seinare motteken dokumentasjon. Vedtaket er fatta med heimel i forureiningsforskrifta § 12-5.

Løyvet er gitt på følgjande vilkår:

- Avløpsvatnet skal reinsast med prefabrikkert biologisk og kjemisk minireinseanlegg.
- Etter reinsing skal avløpsvatnet føres via kum til godkjent etterpoleringsanlegg og vidare gjennom tett leidning til vassdrag med heilårsvassføring til sjø.
- Oppheving av serviceavtale medfører bortfall av løyve.
- Tomta skal knytast til offentleg eller anna felles vass- og avløpssystem og eventuell overvassleidning dersom dette vert utbygt i området.
- Utsleppet skal til einkvar tid tilfredsstillende krava i forskrift om forureining §§ 12-7 til 12-13 og som skildra i søknaden. Utsleppsanlegget skal dimensjonerast, byggast, drivast og vedlikehaldast slik at det har tilstrekkelig yteevne.
- De vert hermed gjort kjent med at eigaren av avlaupsanlegg er ansvarleg for at anlegget vert drive og vedlikehalda slik at krava i utslippsløyvet vert fylgt.
- Det vert ikkje tillate å setja i gang arbeid før komplett søknad om løyve til tiltak med søknader om ansvarsrett for prosjektering, utføring og ev. kontroll for anleggsarbeid og røyrleggjararbeid vert sendt inn til bygningsstyresmaktene og godkjent.
- Det må sendast inn framlegg av koordinatar for plassering av utsleppanlegg før bruksløyve etter plan- og bygningslova gis.

Saksutgreiing:

Det er søkt om utsleppsløyve i samband med oppføring av ny einebustad etter pbl. Det går fram av søknaden at bustaden skal knytast til «Privat vannverk». Det er vidare skildra i søknaden at dette gjeld «Borehull».

OBS! Vi gjer merksam på at før det kan gis løyve etter plan- og bygningslova (pbl) må det dokumenterast at det er «forsvarlig adgang til hygienisk betryggende og tilstrekkelig drikkevann, samt slokkevann».

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Vi kan ikkje sjå at opplysninger om dette ligg føre. Dette vil etter vår mellombelse vurdering vere tilstrekkeleg for igangsetting at det ligg føre uttale frå fagkyndig om dette. Kravet om «forsvarlig adgang til hygienisk betryggende og tilstrekkelig drikkevann» må etter dette dokumenterast seinast ved søknad om mellombels bruksløyve, jf. «tas i bruk».

Sakshandsaming:

Handsaming av søknad om utslepp må skje både i etter plan- og bygningslova (pbl) og etter forureiningslova. Mindre avløpsanlegg er søknadspliktig etter pbl § 20-1 a eller b og utførande personell må ha naudsynt avløpskompetanse.

Vi gjer merksam på at eventuelle vilkår og manglar må vere stetta før kommunen behandlar søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova.

Plangrunnlag:

Tiltaket er avklart med planstyresmaktene. Bygging av anlegget krev at det vert gjeve dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen. Dette vert vurdert i byggesaka.

Varsling:

Det er opplyst at nabovarsel er sendt ut. Det ligg ikkje føre merknader frå naboar.

Plassering av leidningar på nabogrunn

Det er lagt fram erklæring for rett til å legge eigen leidning over annen manns eigedom fram til utslippspunktet.

Teknisk drift har i epost den 05.05.2015 opplyst at:

«Vegareal som Teknisk drift har overteke for drift og vedlikehald og som er registrert på kommunen er teknisk drift sine eigedommar. I følgje Arne Eikefet har teknisk drift fullmakt frå rådmannen til å gi alle nødvendige løyver for gjennomføring av tiltak på og under eigedommar som er nytta til kommunal veg. Det er derfor ikkje nødvendig for innhenting av erklæring frå eigedomsavdelinga i slike tilfelle.»

Resipient

Resipienten har god kapasitet men med ukjent vassutskifting. Etablering av dette utsleppet vurderast å medføre minimale forureiningsmessige ulemper.

Reinsing

Avløpsvatnet skal reinsast i samsvar med forskriftskrav.

Frist

Er arbeidet ikkje sett i gang innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeida innstilt i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Dersom utsleppet framleis er aktuelt, må ny søknad sendast inn.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

G.2 Utsleppsløyve	Gebyr
17.2.3 Utslepp < 50 PE	5.600
SUM	5.600

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Byggmester Bjarte Monstad

Lurevegen 850

5912

SEIM

Mottakarar:

Maria og Erling Rosnes

Furuberget 39

5912

SEIM